



Aurland, 26.06.2018

Det Kongelege Olje- og energidepartementet  
Statsråd Terje Søviknes

Vår ref.  
2016000244-22

Dykkar ref.  
16/335

Sakshandsamar  
Noralv Distad, 57 63 29 29

Arkiv  
K2 - K54, K2 - S05

## **Oppmoding om samtykke til konsesjonshandsaming av flaumdempende tiltak i Flåmsvassdraget**

Aurland kommune syner til brev frå Dykkar departement 22. juni 2018 der det går fram at departementet ikkje finn grunnlag for å fremja sak for Stortinget med forslag om å opna for konsesjonshandsaming.

Me konstaterer at departementet held fast på ein konklusjon frå 2015, og at det etter departementet si vurdering ikkje er lagt fram informasjon som vesentleg endrar den konklusjonen.

Som kjent har Multiconsult as i sin fagrappport ein annan konklusjon enn NVE og departementet. Aurland kommune kan ikkje sjå at det er framført vurderingar som rokkar ved konklusjonane i fagrappporten frå Multiconsult. Me vil særleg peika på konklusjonen om at skisserte tiltak heilt klart vil ha flaumdempende effekt.

Aurland kommune legg framleis til grunn at det er fare for skadeflaum i Flåmsvassdraget der liv og helse står på spel. Delar av elva er sikra, men ikkje den nedre delen der med busetnaden og dei mange bedriftene der. Dette er og understreka i Aurland kommunestyre sitt vedtak i samband med overtaking av vedlikehaldsansvaret for flaumsikringsanlegget. Ved flaum kan og vassføringa påføra skade og oppdemming i den øvre del av vassdraget, med påfølgjande auka skadeomfang også i nedre del.

Aurland kommune kan ikkje slå seg til ro med konklusjonen frå NVE og departementet, og vil arbeida vidare med saka.

Me ser det elles slik at Stortinget uansett må ta stilling til vår oppmoding om å opna for konsesjonshandsaming.

Aurland kommune ser det som tenleg fyrst å innhenta ei ny vurdering av flaumfare og flaumdempende tiltak, der både vurderingane frå NVE og Multiconsult vert gjennomgått av eit uavhengig selskap. Aurland kommune oppmodar departementet om å gje støtte til ein slik gjennomgang.

Med helsing

Noralv Distad  
ordførar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

---

Postadresse:	Telefon: 57 63 29 00	Bankgiro: 3745.07.00046	E post: post@aurland.kommune.no
5745 AURLAND	Telefaks: 57 63 29 01	Konto skatt.: 6345 06 14213	Heimeside: <a href="http://www.aurland.kommune.no">www.aurland.kommune.no</a>

